



**Det er den gode, gamle ramma som rammar inn Julegrantenninga kl. 17 i kveld, men innanfor velprøvde rammer finn vi også nokre nye programpostar. Oppe i Helgheim skal det føregå ei form for juleverkstad der pynting av peparkakehjarter står på programmet. Nytt er det og at nokre 6. og 7. klasselevar underheld med litt song og anna sceneunderhaldning kl.17.45.**

Elles vert det som vanleg juletonar til tenninga, og servering av både graut, lappar, gløgg, kaffi og kaker. Det vert salg av gardsmat, handverksprodukt og julebakst, og truleg kjem den kjære Børsdalsnissen og set ein ekstra spiss på førjulskvelden.

Med temperaturen og veret vi har, burde det liggja til rette for ein folksam og stemningsfull kveld.



[Alle håpar at Børsdalsnissen skal komma i år òg!](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Ola Matti Mathisen.